



Noko unikt og overraskande har skjedd i butikken Gros Blomster no i morgentimane. For nokre veker sidan fekk Gro montert ei solid furu frå Teigen.

No har det vakse ut 1500 kronestykkjer på furua. Gro sjølv veit ikkje noko om at furua har vorte til eit pengetre for ho er undervegs til Polen for å feira 50-årsdagen sin i dag! Heller ikkje veit ho noko om at ho spanderar gratis roser på kundane.

Kreative vener har med andre ord funne på noko spesielt for å visa at dei set pris på henne.

Det er no 3 år sidan ho opna butikken, som har vorte svært populær. Venene skriv i ei helsing på dagen at det har vore travelt men lønsamt.

Dei konstaterar at det nye treet trivs bra i butikken og at ein ventar god vekst sjølv om verda ellers er prega av ein bekymringsfull økonomisk situasjon!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen